



Etne kommune  
Sjoarvegen 2  
5590 ETNE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Tilbakemelding etter kommunemøte med Etne kommune 2023

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Etne kommune i Etne tinghus 9. mai 2023. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale temaa som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følge opp kommunane. Kommunebildet har nøkkeltal med relevante faktaopplysningar og embetet sitt inntrykk av kommunen som heilskap og for kvart fag- og forvaltningsområde. Vi brukar ein trafikklysmoell for å visualisere inntrykket vårt av dei enkelte teneste- og forvaltningsområda. Vurderingane som ligg til grunn for «trafikklysa», er bygt på kvalitet, sårbarheit og berekraft. Dette blir sett i samanheng med framtidsperspektivet, utfordringar og handlingsrom for det enkelte området.

Statsforvaltaren førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For kommunen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

I kommunebildet for Etne er informasjon som er henta frå offentleg statistikk, bygt på tilgjengelege data per mars 2023. Det betyr at sentrale nøkkeltal er frå 2022 og tidlegare.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver- og roller til kommunane:

- tenesteytar og myndigheitsutøvar
- styring og forvaltning
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.



Etter møtet med Etne har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling.

Kommunen presenterte overordna informasjon om planlegging og styring med vekt på utfordringar, moglegheiter og økonomisk utvikling med styring av risiko gjennom sentrale nøkkeltal.

### **Tenesteytar og myndigheitsutøvar**

Dialogtemaa var knytte til berekraftige tenester med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse, omsorgstenester med heilskapleg berekraftig planlegging, kommunehelsetenesta, folkehelsearbeid i plan og førebyggjande arbeid, vertskommunesamarbeidet med Vindafjord kommune for barnevern og Nav-sosialtenesta og at skulen skal lukkast med utdanninga og oppfølging etter nasjonale prøver.

Kommunen opplever at det er utfordrande å ha tilstrekkeleg kapasitet og rekruttere tilsette med relevant kompetanse innan fleire fagområde, og at dette kan bli endå vanskelegare framover. Særleg gjeld dette innan omsorg, der behovet for arbeidskraft vil auke som følge av at det blir fleire eldre som skal ha tenester frå kommunen. Kommunen har utarbeida *plan for helse- og omsorg 2022 – 2030*, der det er lagt inn tiltak knytt til den demografiske utviklinga. Det er planlagt å auke institusjonsplassar frå 33 til 40 rom i Etne omsorgssenter og bygging av 12 – 15 omsorgsbustader. I samarbeid med andre kommunar satsar kommunen på velferdsteknologi, og at dette kan avhjelpe på behovet for fleire tilsette i omsorgstenesta. Det er eit tett samarbeid på alle nivå i helse- og omsorg mellom kommunen og frivilligsentralen. Kommunen meiner òg det er viktig å nå ut med informasjon til innbyggjarane, og har fått til møteplassar med tema om korleis ein kan planlegge og førebu seg på å bli eldre. Særleg gjeld dette å leggje til rette for hensiktsmessige buformer, enten dette skjer i privat regi eller gjennom offentlege tilbod. I denne samanhengen meiner kommunen at sentrale myndigheiter må bidra og hjelpe kommunane i informasjonsarbeidet, både om kommunane sine utfordringar knytte til demografiske endringar og korleis oppgåvene kan løysast i eit samarbeid mellom den enkelte innbyggjar og offentlege ordningar.

Statsforvaltaren kan bidra til at kommunen får hjelp til strategisk kompetanseplanlegging. Døme på dette kan vereplanlegging av kva kompetanse det er behov for til ulike type tenester kommunen skal levere og kva staten krev at kommunen skal levere av tenester. Planlegginga skal hjelpe kommunane til å finne gode løysingar for framtidige kompetansebehov, og dette kan gjerast i samarbeid mellom kommunar.

Etne har ikkje klart å tilsette eigen kommunepsykolog, og har avtale om digital kommunepsykolog. Kommunen har ein godt fungerande økonomisk samarbeidsavtale med private fastlegar, og det er ikkje ventelister for fastlege. For denne ordninga legg kommunen vekt på å skape eit godt fagmiljø, og at legar som kjem utanfrå blir tekne godt i mot av kommunesamfunnet. Etne har legevaktordning i samarbeid med Vindafjord kommune og nattlegevaktsamarbeid med Haugesund kommune.

Folkehelsearbeid med førebyggjande tiltak er systematisk og nært knytt til kommuneplanen (ny arealdel under utarbeiding). Arealdelen skal prioritere område som legg til rette for aktivitetar som bidreg til god folkehelse, med særleg fokus på førebygging og tiltak for barn og unge.

Etne har sidan 2014 for tenestene barnevern og sosial hatt samarbeid med Vindafjord kommune. Sjølv om Vindafjord er vertskommunen, må Etne likevel vere aktive for å vere med å forme og påverke tenestene og sikre at dei som har størst behov tenester får den hjelpa dei har rett på. For å vareta dette, må kommunen sjølv heve kompetansen i eigen organisasjon og vidare samarbeide



tverrfagleg med vertskommunen. Dei folkevalde legg vekt på at dei får god og rett informasjon om tenestene frå vertskommunen, og at det er gode rutinar for dette utan at det særskilt må spørjast etter. Kommunen er ein BTI-kommune (betre tverrfagleg innsats for barn og unge), der barnevernet er med i ressursgruppa og styringsgruppa. Det er planar om bli med i Familieteamet med Vindafjord, og har som mål om å byggje kompetanse både i heimane og einingane. NAV sine sakshandsamarar og integreringsteneste har kontorteneste på tinghuset i Etne.

Integrering er lagt inn under Nav-samarbeidet, og kommunen har for dei to siste åra vedtak på å ta i mot 15 flyktingar frå Ukraina kvart år. Det er sett i gang planlegging for busetjing og integrering av dei nye flyktingane. Når det gjeld sysselsetjing av innbyggjarar med innvandrarbakgrunn, ligg kommunen over det som er gjennomsnittet for landet og fylket. Sjølv om statistikken viser at det tek ti år eller meir før ein når toppen av sysselsettingskurva, er det likevel positivt at kommunen alt har lukkast så godt.

For grunnskulepoeng ligg elevane i Etne noko over gjennomsnittet for landet og fylket for det siste skuleåret. Men på enkelte trinn (5. trinn), skil resultatata for nasjonale prøvar seg negativt frå gjennomsnittet. For å sikre god opplæring og at elevane lukkast i utdanninga, har kommunen rutinar og utarbeidde planar for førebuing og oppfølging av nasjonale prøvar. Det er særskild oppfølging av elevar på nivå 1, og PPT-tenesta blir nytta der det er nødvending med oppfølging og tiltak. For skulemiljøet rapporterer kommunen få saker til Statsforvaltaren, og ut frå dette er det vår oppfatning at kommunen grip tidleg inn før dei vanskelege sakene oppstår.

### **Styring og forvaltning**

Planverket for beredskap fungerte godt i praktisk gjennomføring av tiltak under korona-pandemien. Det var eit samarbeid med Vindafjord kommune, i tillegg var det òg kontakt med, og informasjon frå, andre større kommunar i regionen. Kommunen har gjort ei evaluering av handteringa av pandemien fordelt etter ansvarsområde, om kva som fungerte bra og mindre bra. Kommunen merka seg at det var noko ulik handtering av pandemien mellom Statsforvaltarane i Rogaland og Vestland, som til dømes tilbod om rettleiing opp mot kontroll og prøving av vedtak, eller gjennomføring av tiltak etter lov og forskrift. Det er planlagt å gjennomføre ei beredskapsøving i slutten av året. Kommunen må revidere beredskapsplanen frå 2012, og arbeider no med ein helseberedskapsplan. Statsforvaltaren informerte om at regionale helseføretak blir meir kopla til beredskapsarbeidet i kommunane.

### **Samfunnsutvikling og demokratisk arena**

Etne har frå 2016, med ein del avbrot, arbeidd med ny arealplan, og formannskapet skal snart gjere vedtak om utlegging av planen til offentleg høyring. Før høyringsinnspela blir handsama, kan gjerne Statsforvaltaren tilby kommunen ytterlegare rettleiing. Statsforvaltaren har elles ei samordningsrolle mellom statlege regionale etatar, og dersom det kjem signal om moglege motsegner frå statlege instansar, vil Statsforvaltaren invitere kommunen til eit dialogmøte før høyringsfristen.

Ettersom kommunen har ein gamal arealplan frå 2003, har det vore mange saker om dispensasjon. Det er skilnad mellom plansaker og dispensasjonar på korleis Statsforvaltaren utøver mynde og rolla om samhandling. I plansaker blir det teke stort omsyn til lokalt sjølvstyre, medan dispensasjonssaker i hovudsak er styrt gjennom jussen («dispensasjonsparagrafen» i plan- og bygningslova).

Etne kommune har per no ikkje planar om å utarbeide ein eigen kommunedelplan for naturmangfald. Kommunen har ein rapport som heiter naturtypar i Etne frå 2009.



Statsforvaltaren skal ovanfor kommunane følgje opp berekraftsmål nr. 17 (samarbeid for å nå måla), og samarbeider med KS om dette. KS har utarbeidd eit sett indikatorar om korleis kommunane kan følgje opp berekraftsmåla, og dette er til praktisk utprøving i Oslo og Viken. Gjennom samarbeidet med KS, kan Statsforvaltaren bidra med rettleiing til kommunen om berekraftsmåla.

Etter planprogrammet er kommunen i oppstarten med bustadsosial handlingsplan. Dette er òg forankra i budsjettet. Det er etablert ei tverrfagleg arbeidsgruppe, og målet er å få kartlagt status og behov innan ferien. For vidare arbeid med planen er det behov for dialog og rettleiing av Statsforvaltaren, både om prosess og innhald i planen.

### Oppfølging

Som for mange andre kommunar, har Etne oppgåver som utfordrar organisasjonen på tilstrekkeleg kapasitet og rekruttering av relevant kompetanse. Særleg gjeld dette sett i samanheng med demografiske endringar med eit auka behov for helse- og omsorgstenester. Men dette gjer seg òg gjeldande for andre meir spesialiserte tenester, som for kommunal planlegging.

Om kommunen ønskjer det, kan Statsforvaltaren følgje opp og bidra med kommunikasjon og rettleiing innan valde område som kommunal planlegging med vekt på

- slutføring av arealdelen
- klima og miljø (berekraftsmåla)
- bustadsosial handlingsplan.

I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet til Etne fokusområde etter statlege forventningar, nasjonal politikk og vår kjennskap til kommunen. Desse fokusområda fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil legge særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Etne kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

[Kommunebildet for Etne](#) er lagt ut på vår heimeside.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*